



Visdomsord frå Uskedalen.

**OPPDATERT:** Lars Inge Hefte, opphaveleg valebu, oppdaga eit artig skilt då han var på tur på turstien opp til Svenningen frå Øvredal i Os kommune. På skiltet var det skrive eit visdomsord frå Uskedalen, og Lars Inge viste særst godt naboskap då han fotograferte det artige skiltet og sende biletet til oss på Uskedalen.no.

Visdomsordet på skiltet var slik:

Aldri var den vonde so klok,  
 som da mammon til fyrste tenar han tok!  
 Då mammon til jarl på jordi han sette,  
 då fekk han kontroll med avmakti rette!

**Visdomsord frå  
 Uskedalen.**

Sant eller ikkje sant, men dette stod ved stien opp til Svenningen frå Øvredal i Os, kommenterer Lars Inge Hefte, og vi takkar han mykje for at han sende det til oss!

Truleg er det nokre av lesarane våre som har mistanke om kven som står bak det poetiske skiltet.

*Etter at vi sette saka på trykk i går, fekk vi respons frå Ståle Eik. 'Har nett lese visdomsordet frå Uskedalen. Dette meiner eg heilt sikkert eg høyrde fleire gonger av oldefar, Sivert Kjærland,' skriv han m.a. og legg til at han reknar med at far hans, Sigvald Eik, har bringa dette vidare til Jimmy Øvredal som bur i Øvredalen og har mange rare påfunn. Han seier også at han ikkje veit kor oldefaren hadde sitatet frå.*

*Det var veldig kjekt å få denne tilbakemeldinga slik at vi kunne bringa denne historia vidare. At det var poeten og moromannen Jimmy Øvredal som hadde sett opp skiltet, var det nok fleire som tenkte då dei les det. Sjølv om dette ikkje er blitt bekrefta, er nok denne 'mistanken' blitt yttarlege styrka. Poeten, moromannen og musikaren Jimmy Øvredal gjorde jo stor lukke då han var sentral i programmet under 100 års-feiringa av ungdomslagshytta 'Fjelly' i mai.*

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lars Inge Hefte